


Filosofi, religion og etikk




INNLEIING

- Kvar kommune i Sogn har fått ansvar for å lage eit opplegg/plan for korleis arbeide med fagområda i rammeplanen.
- Vi i Luster kommune har jobba med fagområdet:
Etikk, religion og filosofi.
- Målet er at vi i Luster kommune skal vere ein ressurskommune på dette fagområdet.
- Prosjektgruppa består av:
Randi Kvamme, Indre Hafslo bhg.
Gunn Jorunn Hesjlevoll, Gaupne bhg.
Liv Anny Bjørk Kjærvik, Gaupne bhg.

Kva seier rammeplanen?

- Barnehagen ***skal*** reflektere og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han ***skal*** ta med seg verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. Den etiske rettleiinga barnehagen gir barna, ***må*** ta omsyn til føresetnadene til det enkelte barnet og den kulturelle og religiøse eller verdimeslige tilknytninga til den enkelte heimen.
- Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar.




Filosofi

- -kven?
- -kva?
- -korleis?
- -ettertanke
- -trusspørsmål
- -undring
- -her og no!
- -humor
- -er det sant?
- -stille spørsmål
- -deltakande vaksne
- -leggje til rette for at me kan undre oss
- -gode samtalar
- -tid
- -opplevelinga i forkant
- -Reggio Emilia
- -refleksjon
- -toleranse
- -interesse




Religion

- -forkynning
- -tru
- -ikkje tru
- -likeverd
- -mangfoldig samfunn
- -tradisjonar
- -respekt
- -Gud
- -innsikt
- -toleranse
- -kunnskap
- -humor
- -fleirkulturelle samfunn
- -åndsfridom
- -tilgjeving
- -nestekjærleik
- -solidaritet








Etikk

- -likt og ulikt
- -"den gylne regel"
gjere mot andre det
du vil at dei skal gjere
mot deg
- -danning
- -å lyge/ ikke lyge
- -verdiar
- -rett og gale
- -voksenrolla
- -empati
- -medkjensle
- -rettferd
- -venner
- -humor
- -konfliktløysing
- -menneskesyn/barnesyn
- -steg for steg
- -sosial kompetanse








Etikk






- Definisjon: Etikk eller morallære seier noko om kva som er rett eller galt og set normer og prinsipp for rett handling. Jmf. *Kvasir*
- KORLEIS JOBBAR VI MED ETIKK I BARNEHAGEN?
- Ut frå referata som vi fekk inn etter nettverksmøta kom det fram at barnehagane jobbar med dette temaet kvar dag og i alle rutinesituasjonane.
- I barnehagen skal vi vere bevisste på korleis vi skal vere med kvarandre og det går på vanleg folkeskikk. Etikk må vi jobbe med heile tida.








- ***I rammeplan står det at vi skal tilegne ungane grunnleggande samfunnsnormer og verdiar.***
- Korleis møter ein ungane om morgonen. God morgen seier vi, og vi seier takk for i dag når ungane reiser heim. Vi ynskjer at alle ungane skal bli sett og høyrt i løpet av ein dag og vi er opptekne av at alle skal vere ein del av barnegruppa. Ungane skal lære korleis vi er med kvarandre. Vi aksepterer ikkje at nokon slår eller skubbar andre ungar vekk frå leiken. Frå tidleg alder lærer ungane å dele på leiker og å vise omsorg for kvarandre. Og å hjelpe kvarandre på den måten dei klarer.




- Dei minste ungane lærer og tidleg kva retningslinjer som gjeld når vi har samlingsstund, måltid, sove/kvilestund, garderobesituasjon. Vi skal vente på tur, snakke ein i gongen, hjelpe kvarandre, lytte, ikkje rope inne osv.
- Når det gjeld dei store ungane følgjer dei same reglane og normene. Men ein stiller litt andre krav til dei fordi dei no er større og har eit meir utvikla språk. Og det blir litt andre utfordringar. Det som blir ulikt, er at no kan ein samtale med ungane om reglar i barnehagen og om korleis vi skal vere med kvarandre. Ungane kan få tenke litt sjølve. Korleis vil vi ha det i barnehagen, og kvifor det? Korleis vil vi ha det når vi har samlingsstund eller når vi skal ete maten vår osv.? Har vi eit problem tek vi tak i det med ein gang. Barnehagane jobbar mykje med at rutinesituasjonane skal fungere bra, slik at ein får ro og tid til å vere der for ungane. Derfor er det viktig at ungane klarer å innrette seg etter dei verdiar og normer som er i barnehagen. Når ungane får vere med å seie noko om kva reglar ein bør ha i ulike situasjonar, er dei lettare å halde.




- **I rammeplan står det at vi skal hjelpe barn i konfliktsituasjonar til å finne konstruktive løysingar, vere bevisste på at personalet er førebilete, og opptre slik at barna kan få støtte i sin eigen identitet og respekt for kvarandre.**
- Her kom det fram frå referatet at det er viktig med vaksne som jobbar bevisst med sine haldningar, og at vi skal vere førebilete for ungane. Vaksne sine holdningar og handlingar i kvardagen betyr mykje for barna si oppleving av seg sjølv og av andre menneske.
- Her er det viktig at dei vaksne er tilstades heile tida. Den vaksne må vise ungane ulike løysingar på konfliktar og forklare sjølv om mange av dei ikkje har språk. Dei vaksne skal vere opptekne av rett og gale og handla når det oppstår ein konflikt. Det er viktig at dei vaksne får med seg kva som har skjedd før, slik at dei kan handle ut frå situasjonen.








- I Luster kommune har barnehagane jobba med Steg for steg som er eit opplegg som har til hensikt å auke barna sin sosiale kompetanse gjennom å øve på ferdighetar som empati, problemløysing og meistring av sinne.
- For dei minste går dette mest ut på å kjenne igjen kjensler hjå andre og seg sjølv. Som det å vere glad, sint, lei meg, redd, overraska.
- Dei største ungane lærer i tillegg ein problemløysingsmetode der ein spør kva er problemet? Kva kan eg(barnet) gjere? Og her er det kanskje fleire løysingar på problemet. Når ein har funne ei løysing er det viktig å spørje kan det skade nokon? Kva vil den andre føle? Vil det hjelpe? Er det rettferdig?
- Her trengs det vaksne som er bevisste og kan hjelpe ungane i å komme fram til ei løysing. Og etter kvart vil ungane ta i bruk metoden sjølv og bli meir reflekterte. Det er også ein metode for meistring av sinne, som den vaksne må vere seg bevisst på å bruke når ein konflikt oppstår. Det er ikkje alltid like enkelt i her og no situasjonar.



- For at ungane skal ha respekt for kvarandre er det viktig at dei vaksne er bevisste på at alle får vere med i leiken og vere ein del av barnegruppa. Nokon ungar er populære andre er mindre populære. Og dette må dei vaksne sjå og handle bevisst ut i frå. Det vil seie at vi skal sjå alle og at vi skal respektere at ungane er ulike. I alle situasjonar må personalet ha samspel med alle. Og det er viktig at alle blir sett og høyrt.
- For at ungane skal ha respekt for kvarandre, er det viktig at alle ungane føler at dei er ein del av barnegruppa. Ein må vere på vakt om ein unge er mykje aleine, eller trekker seg vekk frå andre i leiken. Kvifor vel han å vere åleine? På same tid må og ungar få velje å vere aleine i løpet av dagen. Det kan alle trenge. Her blir det ei vurdering om det er grunn til bekymring eller ikkje.
- Ein må og vere bevisst på ungar som ofte kjem opp i konfliktar. Kva er det som gjer det? Korleis kan vi tilretteleggje for å endre på det? Ein kan snakke med barnet, organisiere leikegrupper, sjå på korleis rutinesituasjonar fungerer m.m



- **I rammeplanen står det at personalet må skape interesse for og bidra til forståing og toleranse for forskjellige kulturar og ulike måtar å leve på.**
- Ein del barnehagar har ulike kulturar representert i barnehagen. Og det er viktig at barnehagen gir informasjon om praktiske ting til foreldra. Kva treng barnet ha med seg av kle, frukost, bleier osv. Det kan vere utfordrande med kommunikasjon dersom foreldra ikkje snakkar norsk og kan lite engelsk. Det er ein del slike praktiske ting som må på plass i starten. Men det er viktig at ungane og foreldra får positive og gode opplevingar av den nye barnehagen som dei skal begynne i.









- I barnehagen må ein på førehand snakke med ungane om dei nye som kjem. Seie noko om kvar dei kjem frå, at dei snakkar eit anna språk, kanskje dei ser litt annleis ut enn oss, er dei vant å ete slik mat som vi ? Det er lettare å tolerere at vi er forskjellige når vi snakkar om det.
- Etter kvart vil ein snakke med foreldra om det er noko i kulturen og tradisjonen deira som vi skal ta hensyn til eller markere i barnehagen. For at ungane og foreldra skal føle seg inkludert, er det viktig å vite litt om kva tradisjonar dei har. På same måte vil vi lære dei ein del av vår kultur og tradisjon.








Religion

- Kva er religion?
- Vi kan ikkje definere ordet med gudstru, for det er mange religionar som ikkje trur på ein Gud.
- Religion er svaret på spørsmålet :
- -Korleis leve eit sant og godt liv?
- Religionen skapar meinings og identitet for det enkelte menneske, gjennom å gje svar på kva som er meiningsa medlivet, kvifor vi er til, og kva som skjer etter døden.
- Vi høyrer i barnehage og skule at vi skal formidle og ikkje forkynne.

- 
- Det er lovstridig å forkynne ein religion i skule og barnehage.
 - Derfor har vi i dag fått faget RLE –religion, livssyn og etikk- i staden for faget kristendom i skulen.
 - Kva er eigentleg forskjellen på forkynning og formidling?
 - Om vi forkynner påtvingar vi ungane religiøs tru. Dei skal få lov til å avgjere religiøse spørsmål på sin måte.
 - Det er lov å markere. Vi kan markere jula. Vi kan fortelje om Jesus.




- Men det er viktig kva måte vi fortel det på.
- Vi må få fram at dette er eit døme på ein religion – eit eksempel.
- Nokon trur at....



- Dei fleste av oss kjenner nok kristendommen best. Det er den vi byggjer dei fleste religiøse tradisjonane på i barnehagen.
- Kristendommen er ikkje alltid so synleg. Det visar ikkje utanpå. Det set oppi hovudet, skjult. Andre religionar derimot, er ofte religionen noko dei gjere. Noko fysisk, rituale.
- Ofte eit sosialt felleskap – spesiell klesdrakt, dans. Mat dei ikkje har lov å ete osv.
- Vi må ha respekt for at religionane er ulike.








HEY! LET'S HAVE A
LITTLE **RESPECT**
HERE!








Don't cry
about it

HYPOCRISY


No one does it better than christians








- Vi skal ikkje gjere alle kristne, men ha respekt for mangfoldet.
- Vi må late ungane få kjennskap til tradisjonar som er knyttta til høgtider i religionar og livssyn som er representerte i barnegruppa
- Vi kan sei at der "Ali" kjem frå , feirar dei ramadan. Fortelje litt om det , og kvifor dei gjer det.
- Det er viktig med eit godt samarbeid og dialog med foreldra.




- Det er lov å diskutere filosofiske og religiøse spørsmål med ungane.
- Dersom dei spør deg kva du trur på, har du lov til å svare. Men på same tid er det viktig at vi syner respekt for det andre trur på.



- Informasjon er viktig.
- Til jul og påske er vi ofte på kyrkjebesøk. Dette er forkynning, men for mange er det også tradisjon.
- Før slike besøk må vi informere foreldra, og dei må få høve til å velje eit anna tilbud i barnehagen.
- Ei anna problemstilling er bordvers. Det er mange fine bordvers, og nokon er religiøse. Då er det fint å ha fleire songar å velje mellom, slik som: "Ormen den lange", "gutter og jenter" og "du som mettar"





- Vi skal formidle ikkje forkynne, men vi skal ivareta norsk tradisjon.
- Barnehagen er ikkje ein politisk arena.
Kan vi då synge kva sangar vi vil, berre vi syng variert?
- Kva er tradisjon? Og kan vi dekke oss bak tradisjonen?




Filosofi

- Når det gjeld filosofi, er det viktig å ha tid til undring og refleksjonar. Vi må gjerne spørje borna: Kva meiner de om dette? Kva trur du?
- Filosofien blir delt opp i 3 punkt:
- 1: Kva finst? Er det noko som er større? Krefter og energiar.
- Døme: Finst fargen kvit?
 - Å vera snill, finst det?
 - Kvar finst talet to?
 - Kvar finst talet ti? Kvar bur han?
 - Å reise i tid, kva er tid? Kva er rom?
 - Kva ligg i orda som vi har rundt oss?
 - Kva er blå?
- Kva er mot, visdom, å vera snill, å vera i lag? Vi kan godt tulle litt med ord. Stille spørsmål ved orda våre.




- 2: Kva er ei god handling? Her kjem etikken inn.
- Reglar. Kva er ein regel? Rett og gale. Kva betyr nei? Vi kan undre oss over ulike sanningar: Kva er å vera snill, å setje grenser? Teorien vår om skikk og bruk, kvardagen vår, med t.d. ulike kulturar og haldningar. Ta oss tid og rom til å reflektere over haldningane våre. Vi må vera både strenge og snille. Konsekvensar. Du gjer noko gale, kven får vondt?








- Korleis er vi strenge?
- Haldningar, magekjensla vår. Korleis er vi i oss sjølve?

Konfliktsituasjonar, vi skal hjelpe borna å finne konstruktive løysingar, dette treng ei etisk modning. Her jobbar me bl.a. med "Steg for steg" i Luster, me veit at vi vaksne er viktige førebilete, vi må vera bevisste i våre ord og våre gjerningar.

Det er ikkje alltid vi eig handlinga, kjensla vår, den ligg i magen. Så kva bør/skal/må vi? T.d. vaske golvet i dag eller i morgo? Når vi er med borna, må vi ofte handle raskt. Då er det greitt at vi er "drilla" på gode løysingar, håndterer episodar på ein god måte. Vi må tenkje over **korleis** vi reagerer.




- 3: Estetikk. Kva er det som er fint?
- Kvifor syns du at jentene er fine? Kvifor syns du at gutane er fine?
- Eit triks overfor born og unge er å ikkje vite i det heile. Kunsten å halde det heile i gang. Vi kan spørje kva dei meiner.



Praksisforteljing Bilete

Ved lunsjbordet:

Ein unge set og ser på ein vaksen. Har du ikkje nokon jobb du då? Kva du meinar?
Jo du er jo her...








- **Reggio Emilia** har eit barnesyn som meiner vi skal ta oss god tid til undring, og spørje kva dei meiner. Vi må nytte oss av her-og-no situasjonen, setje barnet i sentrum.

Det ein høyrer, gløymer ein.

Det ein ser, hugsar ein.

Det ein gjer, forstår ein.



- Vi er gode på å gripa fatt i det som skjer her-og-no, dette gjeld og filosofien. I nettverksgruppe i Luster svarar personalet: Vi jobbar med filosofiske spørsmål og undrar oss oftast i tilknytning til naturen, t.d. kva skjer i maurtua? Vi føler vi er flinke på spørsmål som vi kan leita oss fram til eit svar, vi møter borna her-og-no.
- Vi treng ro og tid til undring og stillheit. Det er best med små grupper, og gjerne tenna lys. Øva oss på å stille gode spørsmål.
- Vi meiner etikk, religion og filosofi kan gå i eitt, og det meiner vi fagområda gjer ellers og. I t.d. Juleevangeliet går norsken inn i forteljinga , mattematikken går inn i storleik på krybbe, avstandar frå ein by til ein annan osv.
- Gode barnebøker og forfattarar:
 - Tor Åge Bringsværd.
 - Gunilla Bergstrøm: Albert Åberg.
 - Anette Tison og Taulus Taylor: Barbapappa på arbeid.
- Kjelde: Høgskulelektor Arvid Elvekrok.

MÅLET VÅRT

- ” Ein barnehage med leikande vaksne. Vaksne som borna mine spring i armane på, vaksne som gir borna mine fabulerande og fantasifulle opplevingar, vaksne som ser og stimulerar borna mine i forhold til det dei er opptekne av, vaksne som er trygge og omsorgsfulle. Vaksne som gjer barnehagen til ein god stad å vere.”